

Svar:

Eg takkar for spørsmåla. Smittesituasjonen i landet har påverka oss i mange samanhengar, men heldigvis har vi her i nord vore meir forskåna for store smitteutbrott enn på det sentrale Austlandet. Skolane i Troms og Finnmark har ikkje vore heilt stengt i inneverande skoleår, men nokre skolar har vore på raudt tiltaksnivå utløyst av lokale smittevernmyndigheiter, i tillegg til at det var innført raudt nivå i vidaregåande opplæring frå nasjonalt hald rett etter juleferien. Dei fleste skolane i Troms og Finnmark har ikkje vore på raudt nivå utanom denne perioden. Skolane blir ikkje heilt stengde på raudt nivå, men krava er strengare enn på gult nivå. For dei fleste elevane betyr det ei blanding av stadleg og digital opplæring. Ingen har hatt berre digital opplæring i dei raude periodane. I tillegg har skolane bygd kompetanse på digital opplæring gjennom koronaperioden som gjer at kvaliteten på den digitale opplæringa er høgare no enn i starten av pandemien. Fylkeskommunen prioriterer å bygge kompetanse på hybrid undervisning for å vera godt rusta i smittesituasjonar der nokre elevar må få opplæring heimefrå samtidig som andre elevar får stadleg opplæring.

Eg har følgd situasjonen tett, og forsikra meg om at både ordinære elevar og elevar med spesialundervisning eller særleg sårbare elevar har fått god oppfølging etter dei rettane dei har. Nasjonale undersøkingar viser også for eksempel at elevar med vedtak om spesialundervisning får den opplæringa dei har rett på. Svaret på spørsmålet er derfor at elevane i vidaregåande skole i Troms og Finnmark får si rettmessige opplæring.

Elevane i vidaregåande skole opplever jo ikkje berre smitteverntiltaka i skolekvardagen sin, men også i livet utanom. Ungdommen vår er i ei tøff tid, og eg har fokusert særleg på at skolane skal prioritere individuell oppfølging av elevane. Særleg gjeld dette dei som er sårbare elevar, eller som viser teikn til for eksempel aukande fråvær. Alle skolane våre har via dette eit særleg fokus, og at elevane veit korleis og hos kven dei kan søke støtte om dei treng det. Det er kommunehelsetenesta som har ansvaret for helsesjukepleia i skolane, og som vi veit har kommunehelsetenesta hatt press på kapasiteten. Eg har ikkje fått signal om at kommunane har nedprioritert helsesjukepleietenesta i perioden. Eg kan elles orientere om at arbeidet med å lage ei digital helsesjukepleiarteneste saman med kommunane går sin gang. Framdrifta i dette arbeidet har dessverre blitt noko påverka av helsevesenet sin kapasitet under koronapandemien.

Bjarne Rohde

Fylkesråd for utdanning (SV)

Troms og Finnmark Fylkeskommune